



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 25.08.2016  
Vår ref.: 2015/7749-11  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til høyring av reguleringsplan for Nesfossen næringsområde - plan-id 1263-201508 - Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 11.07.2016 om høyring av forslag til detaljregulering for Nesfossen næringsområde, gnr. 56, brn.14 m.fl. Lindås kommune. Hovudføremålet i planen er akvakultur. Føremålet er dels i strid med kommuneplan der området er sett av til akvakultur og LNF område. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 21.07.2015.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

### **Vurdering**

#### Planfaglege merknader

Planen som ligg føre legg opp til regulering og utviding av oppdrettsanlegg på land. Eksisterande anlegg er i tråd med kommuneplanen der arealet er sett av til akvakultur. Eksisterande anlegg er ikkje detaljregulert. Utvidinga av anlegget er i strid med kommuneplan der området er sett av til LNF område. Hordaland fylkeskommune minner om at endring av føremål som hovudregel skal gjerast gjennom ein kommuneplanprosess der ein kan sjå behovet for nye område for akvakultur i ein heilskapleg samanheng.

Vi er positiv til at det er gjennomført ein grundig konsekvensutgreiing der ein har sett på tre ulike alternativ for utviding av akvakulturanlegget. Konsekvensutgreiinga tek føre seg korleis kva verknader dei ulike alternativa har for naturmangfald, landskapsbilete, kulturminne og kulturmiljø, landbruk, skog og jordressursar, nærmiljø og friluftsliv.

#### Akvakultur

Marine næringar, som akvakultur, er eit prioritert satsingsområde for Hordaland fylkeskommune. Gjennom arealplanlegging kan kommunen legge til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa. Fylkeskommunen har ansvar for tildeling av løyve og klaring av lokalitetar, og har i tillegg ansvaret for å ivareta havbruksinteressene. Vi er positiv til at reguleringsplanen som ligg føre tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov.

### Areal og transport

Samordna areal og transport skal sikre Hordaland eit effektivt og funksjonelt utbyggingsmønster. Ved utbygging av næringsareal er det viktig at arbeidsplassintensive verksemdar som hovudregel lokaliserast i senter og nær kollektivknutepunkt. Det hadde vore positivt dersom det vart sett eit tal på kor mykje kontorarbeidsplassar som kan etablerast innafør området.

### Landskap, friluftsliv og strandsone

Planområdet ligg i sørlege delar av landskapsområdet for Lurefjorden, der det er registrert landskap med høg verdi. Areala i sjøen Lurefjorden- Seimsfjorden er også eit regional friluftsområde med viktige strandsoneverdiar. Ved oppstart av planarbeidet varsla vi om at planen hadde konfliktpotensiale med landskap, friluftsliv og strandsone.

Hordaland fylkeskommune er positiv til at landskap, friluftsliv og strandsone er tema i konsekvensutgreiinga. Gjennom konsekvensutgreiinga er det gjeve særskild fokus på landskapsverkanene av planen og drøfta ulike alternativ. Det er valt å gå vidare med alternativ 3 som har minst verknader på landskap, friluftsliv og strandsone. Vi ser oss nøgd med dei drøftingane som ligg føre og ber om at det vert teke særleg omsyn til gode løysingar for landskap og terreng ved utbygging av området.

### Naturmangfald

Fylkesplanen for Hordaland gjev at ein skal verna om biologisk mangfald og verdifulle areal –og naturressursar på land og i sjø, som strandsona, friluftsområde med regional verdi, større inngrepsfrie område og kulturmiljø. Særmerkte artar skal sikrast mot utrydding. Planen som ligg føre er vurdert opp mot naturmangfaldslova. Konsekvensutgreiinga syner at Nesfossen er eit viktig områdefor ask, ål og oter. Ved alternativ 3 vert det konkludert med at den samla verkanen for området vert liten til middels. Hordaland fylkeskommune ser seg nøgd med drøftingane som ligg føre. Det er gjeve føresegner som sikrar avbøtande tiltak for naturmangfaldet.

### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. I samband med varsel om oppstart av planarbeidet for Nesfossen smolt, gnr. 56, bnr. 14 m.fl. i Lindås kommune vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring av det aktuelle området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensialet for nye funn vart vurdert å vera lågt.

Vi har i dag kjennskap til at den Trondhjemske postveg går gjennom planområdet. Det er òg restar etter ei mølle/vassverk i området ned mot strandsona. Hordaland fylkeskommune er positiv til at den Trondhjemske postvegen er lagt i ei omsynssone H570 for bevaring av kulturmiljø. Restar etter ei mølle/vassverk er sikra mot inngrep ved at dei ligg innanfor omsynssone H560\_2 for bevaring av naturmiljø.

Vi gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Saka har vore sendt til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine eller maritime kulturminne i det aktuelle området. Museet har difor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Inger Lena Gåsemyr, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland